


Status og utfordringar for Vik kommune

Kunnskapsgrunnlaget for planstrategi 2024-2027 og planprogram for revidert samfunnsdel til kommuneplan

Sist oppdatert: 13.8.2024



#velkomentilvik

Postboks 134, 6891 Vik i Sogn | tel: 57 69 82 00 | post@vik.kommune.no | vik.kommune.no
Bankgiro: 4202.38.41511 | Org. nr 937 498 764



Innhald

1 Om dokumentet.....	3
2 Folketalsutvikling.....	4
3 Flyktingar og integrering.....	8
4 Bustadar.....	9
5 Samferdsel og transport.....	11
6 Næringar og sysselsetjing.....	14
7 Kommuneøkonomi.....	16
8 Offentlege tenester: Helse og velferd, oppvekst og kultur.....	18
9 Samfunnstryggleik.....	21
10 Klima, energi og miljø.....	23
11 Arealressursar og arealbruk.....	31
12 Oppsummering av utfordringsbilete kap. 2-11	36
13 Om vedlegga.....	40



1 Om dokumentet

*«God planlegging er avhengig av eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag. Eit godt kunnskapsgrunnlag gjer at kommunestyret kan vurdere kva som bør vere prioritert i kommunen sitt arbeid dei komande åra. Kunnskapsgrunnlaget bør difor gje god innsikt i kva som er status på viktige samfunnsområde, og kva utfordringar kommunen står overfor»
(Distriktssenteret: enkelplanlegging.no – kommuneplanens samfunnsdel).*

Dette dokumentet, inkludert vedlegg, skal vere kunnskapsgrunnlaget for den kommunale planstrategien 2024-2027. Det skal ved hjelp av aktuelle statistikk og anna informasjon vise utviklingstrekk og utfordringar for kommunen som samfunn og organisasjon. Kommunestyret vedtok i møtet 31.3.2024 (sak 025/24) å starte opp med revisjon av samfunnsdelen til kommuneplanen og slå saman ny planstrategi med planprogrammet for samfunnsdelen. Såleis fungerer dette dokumentet også som kunnskapsgrunnlag for den nye samfunnsdelen til kommuneplanen.

Nesten all informasjon i dokumentet er henta frå statistikk som er offentleg tilgjengeleg, frå statistisk sentralbyrå (ssb) eller andre kjelder. Det seier seg sjølv at dokumentet ikkje kan vise absolutt all statistikk som finst om kommunen. Det er treft eit utval med tanke på kva som er mest relevant for å kunne vise utviklingstrekk og utfordringar.

Av det som har påverka utvalet kan nemnast kunnskapsgrunnlagsdokumentet til førre kommunal planstrategi, tema som ssb sin side «Kommunefakta»¹ viser, tema som er stilt saman i portalen «KommuneProfilen»², tema frå folkehelseinstituttet sin «Kommunehelsa statistikkbank»³ og kommunesektorens interesseorganisasjon (KS) si side «Status kommune - kommunevise indikatorer»⁴.

Statistikkane for kunnskapsgrunnlaget blei før ferdigstillinga av dokumentet presentert for kommunestyret, ungdomsrådet og elderrådet i arbeidsverkstaden med tittel «Korleis står det til i kommunen?» som blei gjennomført på Blix hotell den 2.5.2024. Det blei opna for innspel om ev. tema og statistikkar som manglar, innan 14.5.2024.

¹ <https://www.ssb.no/kommunefakta/vik>

² <https://www.kommuneprofilen.no/Default.aspx>

³ <https://khs.fhi.no/webview/>


⁴ <https://www.ks.no/status-kommune/kart/region?r=4639>



2 Folketalsutvikling


Hovudmål i Samfunnsdelen til kommuneplan av 2012 er å snu folketalsutviklinga. Målet var 2800 innbyggjarar i 2024. Siste oppdatering frå SSB seier at folketalet i kommunen per 21.02. 2024 er 2551 innbyggjarar. Registrert utvikling sidan 2012 (2748 innbyggjarar) fram til februar 2024 viser at vi har hatt ein nedgang i folketalet på 197 personar. SSB sine folketalsframskrivingar/prognosar⁵ tyder på at den negative folketalsutviklinga i kommunen kjem til å halda fram, med forventa 2318 innbyggjarar i år 2030, 2111 innbyggjarar i år 2040 og 1934 innbyggjarar i år 2050. Telemarksforsking sine folketalsframskrivingar er meir optimistiske og viser t. d. 2600 innbyggjarar (låg attraktivitet) i 2040⁶. Sjå også vedlagt folkehelseoversikt for fleire statistikkar.

07459: Befolkning, etter år. Personer, Vik.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Figur 1: Folketalsutvikling i Vik kommune 2012-2014



Figur 2: Folketalsframskrivingar for Vik kommune 2040

⁵ Erfaringar har vist at LHML-scenarioet (låg fruktbarheit, høg levealder, middels innanlandsflytting og låg inn- og utvandring) er mest realistisk for Vik kommunen blant ssb-scenarioa.

⁶ Kjelder for figur 2: ssb: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter region, statistikkvariabel og år ([tabell 13600](#)), Telemarksforsking: <https://regionalanalyse.no/artikkel/prognose2021>. Omgrepet «attraktivitet» og metoden til Telemarksforsking er forklarte i boka «[Hvordan skape vekst](#)».



Terskelsamfunn


Folketalet går no ned i alle grunnkrinsgrupper. Innbyggjartalet i bygdene Arnafjord og Fresvik nærmar seg framleis ein kritisk terskel når det gjeld folketal. Dersom folketalet går ytterlegare ned kan grunnlaget for viktige fellesfunksjonar, slik som matbutikk, skule og barnehage, bli for lite. Det er derfor viktig å ha eit særskilt fokus på folketalutviklinga her.

Det er no berre skular i Vik, Feios og Fresvik. Det er per i dag eit barnehagetilbod i alle krinsgrupper, men i Arnafjorden er det per april 2024 ikkje drift pga. for få barn. Det er i dag nærbutikkar i Vik, Framfjorden, Feios og Fresvik. Butikken på Vangsnes blei lagt ned. I Arnafjorden og Feios blir løysingar med sjølvbetent butikk vurderte.

Grunnkrinsgrupper	1.1.2019	1.1.2024	Endring	Endring i %
Arnafjord, Framfjord, Finden	141	121	-20	- 14%
Viksøyri, Seim, Hove, Strendene, Bødalen, Ovrisdalen, Seljedalen (til saman: Vik Hovudsokn)	1762	1718	-44	- 2,5 %
Vangsnes	316	293	-23	- 7,3%
Feios (Feidje og Tjønn)	245	220	-25	- 10,2%
Fresvik (Nedre og Øvre)	208	195	-13	- 6,3 %
Ikkje oppgjeve	4	4	0	0
sum	2672	2551	-121	-4,5 %

Figur 3: Statistisk sentralbyrå (ssb), 04317: Befolkning, etter grunnkrets, statistikkvariabel og år. Samanstillinga i tabellen kunne ikkje hentast i sin heilheit frå tabell 04317, sidan den ikkje viser data frå 2019 pga. at oppsettet hjå SSB har endra seg

Geografisk fordeling av innbyggjarane i Vik kommune etter grunnkrinsgrupper per 1.1.2024



Figur 4: Geografisk fordeling av innbyggjarane




Folketal etter aldersgrupper

Figur 5 viser aldersfordeling⁷ for innbyggerane i Vik kommune etter kjønn. Figur 6 viser dei same data med anna gruppeinndeling for 2024 og framskrivinga for 2050. Prognosen viser nedgang av den potensiell yrkesaktive aldersgruppa og aldersgruppa 0-15 år, mens aldersgruppa 67 år og eldre aukar. Sjå også vedlagt folkehelseoversikt for fleire statistikkar.

Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen


Alder



Kilde: Befolkning, Statistisk sentralbyrå

Figur 5: Aldersfordeling for innbyggjarar i Vik kommune

Aldersfordeling innbyggjarar i Vik kommune 2024




Figur 6: Kjelde ssb, tabell 07459

⁷ Henta frå [Kommunefakta 2024](#)



Fødte, døde, flytting og innvandring

Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre i Vik kommune etter landbakgrunn i 2024



Figur 7: Kjelde ssb



Fødde 2023

19



Døde 2023

38



Utflytting

2023

93



Innflytting

2023

81



Nettoflytting

2023

-12

I fylgje ssb hadde kommunen i 2023 eit fødselsunderskot på 19 personar. Nettoflyttinga var minus 12 personar.



Tal innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre per 1.1.2024 er 349. Det er 28 ulike nasjonaliteter. Polen, Ukraina og Litauen er landa som er sterkest representerte i kommunen. Det er 321 personar som er fødde i andre. Sjå også vedlagt folkehelseoversikt for fleire statistikkar.

3 Flyktningar og integrering

Vik kommune har busett flyktningar sidan år 2000. I 2022 braut krigen i Ukraina ut. Behovet for busetting av flyktningar har aldri vore større, og Vik kommune har dei siste åra gjort ein viktig innsats i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar. Den kommunale flyktningstenesta er no plassert hjå NAV.

Av tidlegare busette flyktningar har mange flytta frå kommunen til andre stadar i Norge. Manglande tilknytning til arbeidslivet og geografisk nærheit til vidaregåande skule og spesialisthelsetenesta peika seg ut som hovudårsakene til denne utflyttinga⁸. I 2022 busette kommune 29 flyktningar, 25 av dei var frå Ukraina. Sju av dei 25 er i mellomtida flytta frå kommunen igjen. I 2023 var det 22 flyktningar som blei busett, alle frå Ukraina. Fem av desse er flytta ut igjen.

I februar 2024 vedtok kommunestyret at kommunen skal ta imot 30 flyktningar i 2024. Oppmodinga frå *integrerings- og mangfoldsdirektoratet* hausten 2023 var å busette 40 flyktningar. Per 15. april 2024 var det busett 8 personar. I 2023 skulle kommune busette totalt 35 flyktningar, og 22 blei busett innan desember. Dei resterande 13 vil telje på busettingstalet for 2024.

Det er ei utfordring å skaffe husver til busetting av flyktningar. Kapasiteten i kommunale hus er brukt opp, og det som var eigna og tilgjengeleg på den private bustadmarknaden er også brukt. Kommunen jobbar no med å få på plass to midlartidege modulbygg til om lag 23 personar. Kommunen har ein temaplan vedteken i 2018 for busetting og integrering av flyktningar. Planperioden var 2017-2019. I temaplanen er husvære til flyktningar også omtalt som stor utfordring. I den kommunale planstrategien 2020-2023 blei det sagt at temaplanen ikkje treng reviderast i perioden (det var før Ukrainakrigen braut ut).

Alle flyktningar som kjem til kommunen får tilbod om introduksjonsprogram. Det blir godt motteken, og det er ca. 12-15 personar i programmet til ein kvar tid. Etter tre månader skal kommunen tilby praksis i programmet, både med tanke på norskopplæring og mål om arbeid. Det er utfordrande å finne praksisplassar som passar for deltakarane og som fører til lønna arbeid. Det er berre 50-60 % av deltakarane som får praksis i programmet. Av dei sidan 2022 busette personane er no seks integrerte i arbeidslivet, med alt frå full stilling til tilkallingshjelp.

⁸ Kjelder: Sakspapir for kommunestyresak 015/24 Busetting av flyktningar 2024 og [Integrerings- og mangfoldsdirektoratet](#)



Kommunen sin erfaring (jf. kommunestyresak 015/24) er at flyktingar har eit svært stort informasjonsbehov. Få snakkar engelsk. Dei fleste har god digital kompetanse. Mange stiller store krav og gjev uttrykk for at dei har behov for å forsikre seg om at dei har forstått informasjon som er gjeve, og at dei har fått tilboda og tenestene dei har rett på.


4 Bustadar

Einebustad er med avstand den mest vanlege buforma i kommunen (83 % av bustadane). Tre prosent er bustadblokker, mens tomannsbustadar, rekkehus & andre småhus og bygningar for bufellesskap utgjer kvar sine 2 %. Åtte prosent av bustadane i kommunen er inkludert i andre bygningstypar som ikkje er bustadbygg, slik som garasjar og næringsbygningar.


Samanlikna med 2012 har talet einebustadar gått litt ned, mens tomannsbustadar, rekkehus & andre småhus samt bustadblokker har hatt ein tydeleg auke. I 2023 var det 62 kommunale bustadar (kjelde: ssb, tabell 12195).

Det er per i dag ledige bustadtomter i alle delar av kommunen, m. a. i dei kommunale bustadområde på Tenål i Vik og Tråna på Vangsnes.

Når ein ser på kven som bur i bustadane, er talet personar som bur i hushaldningar med barn størst, men med ein



Figur 8: Kjelde ssb tabell 06081



Figur 10: Kjelde ssb tabell 06265

	2012	2024
Einebustad	1303	1290
Tomannsbustad	15	26
Rekkehus, kjedehus og andre småhus	8	26
Bustadblokk	24	56

Figur 9: Bustadar i kommunen etter bygningstype i 2012 og 2024, kjelde: ssb tabell 06265



tydeleg nedgang sidan 2014⁹. Tal personar som bur i hushaldningar med tre eller fleire personar har også gått ned, mens talet for dei som bur i hushaldningar med to personar har gått opp. Den største auka hadde talet personar som bur åleine.


I 2023 blei det selt 23 bustadar i kommunen, til ein gjennomsnittleg pris på 2,12 millionar kroner (kjelde: kommuneprofilen.no/ssb).

Per 1.1.2024 er det 360 fritidsbygg i kommunen, i tillegg til 116 heilårsbustadar som offisielt blir brukte som fritidsbustad. I den sistnemnde kategorien har talet meir enn dobla seg sidan 2012. Totalt blir dette 476 fritidsbustadar.

I 2023 var det gjennomsnittlege bruksarealet i (i dette året) fullførte fritidsbustadar på 138 m².

I gjeldande kommuneplan er det avsett relativt store områder til fritidsbustadar: 2855 dekar, noko som svarer til ca. 950 hyttetomt (rekna 3 daa per tomt, inkludert fellesareal).

03174: Eksisterende bygningsmasse. Fritidsbygg, etter bygningstype og år. Vik, Eksisterende bygninger.



Figur 11: Kjelde ssb

⁹ Ei samanlikning med år før 2012 var ikkje mogleg pga. at ssb har endra metoden for datagrunnlaget for denne statistikken.



5 Samferdsel og transport

Ferje og veg

Det er to ferjekaiar i kommunen, på Vangsnes (ferjesamband Vangsnes-Hella- Dragsvik) og i Vik (ferjestrekning Vik-Ortnevik-Nordeide).

Ferjestatistikken til Statens vegvesen viser ein nedgang i passasjertala for Vik-Ortnevik-Nordeide, og ei auke for sambandet Vangsnes-Hella-Dragsvik.

Desember 2020 blei Goteviktunellen mellom Vik og Vangsnes opna. Tunellen har redusert køyretida mellom Vik og Vangsnes (og til og frå ferjekaia) og gjort vegen mykje tryggare. Rv 55 Hella-Leikanger-Sogndal ligg ikkje i Vik kommune men er likevel viktig i samband med arbeids- og skulependling. Her er det dei siste åra gjort omfattande utbetringar på vegen, noko som har auka den potensielle tryggleiken for ferdsel.

Tabellen under viser årsdøgntrafikken (ÅDT) ved dei to attverande, kontinuerlege målingspunkt i kommunen dei siste tre år (kjelde: Statens vegvesen). Årsdøgntrafikken viser gjennomsnittstal for dagleg trafikkmengd (tal køyretøy som passerer):

Mobildekning og breiband

Mobildekning skal no vere tilfredsstillande i heile kommunen, med unntak av Seljadalen/Ovrisdalen. Kommunen har teikna avtale med Telenor om betring av dekninga i Seljadalen/Ovrisdalen, og prosjektet skal vera ferdig frå Telenor si side seinast 1.11.2025.

Alle stadar med fastbuande (med unntak av Simlenes, strendene og Finden) har per i dag tilgang på fiber-breiband.

Passasjerteljningar for utvalde ferjestrekningar

Ferjestrekning/år	2021	2022	2023
Vangsnes-Hella	64775	64049	69849
Hella-Vangsnes	63913	65430	69458
Vangsnes-Dragsvik	26380	26831	29052
Vik-Ortnevik-Nordeide ⁵	570	334	330

Figur 12

Årsdøgntrafikk i Vik kommune

Målepunkt/år	2021	2022	2023
Storehaugtunellen (Rv13)	537	487	558
Goteviktunellen (Rv13)	1215	1179	1240

Figur 13




Bil

Sett bort frå ein nedgang i 2020 har talet registrerte personbilar i kommunen gått jamt opp sidan 2012. I 2023 er det registrert totalt 1502 personbilar. Andel bilar drivne med fossile drivstoff er framleis høg, om lag 83%. Andel EL-bilar er no på ca. 10 % (landssnittet: 24 %¹⁰).

Region/Kommune	År	Antall personbiler etter type drivstoff					Andel personbiler etter type drivstoff (%)			
		Ialt	EL	Bensin	Diesel	Hybrid	Bensin	Diesel	EL	Hybrid
4639 Vik	2023	1 502	144	390	857	111	25,97	57,06	9,59	7,39
4639 Vik	2022	1 486	104	416	877	89	27,99	59,02	7,00	5,99
4639 Vik	2021	1 495	75	438	902	80	29,30	60,33	5,02	5,35
4639 Vik	2020	1 462	40	461	905	56	31,53	61,90	2,74	3,83
4639 Vik	2019	1 492	25	499	928	40	33,45	62,20	1,68	2,68
4639 Vik	2018	1 488	14	527	915	32	35,42	61,49	0,94	2,15
4639 Vik	2017	1 430	8	534	866	22	37,34	60,56	0,56	1,54
4639 Vik	2016	1 419	8	570	833	8	40,17	58,70	0,56	0,56
4639 Vik	2015	1 398	4	610	783	1	43,63	56,01	0,29	0,07
4639 Vik	2014	1 343	1	621	721	0	46,24	53,69	0,07	0,00
4639 Vik	2013	1 332	0	644	688	0	48,35	51,65	0,00	0,00
4639 Vik	2012	1 320	0	684	636	0	51,82	48,18	0,00	0,00

Figur 14: Personbiler etter type drivstoff. Antall og andel. Vik kommune 2012-2023. Kjelde: KommuneProfilen



Figur 15: Antall personbiler etter type drivstoff. Vik kommune. Kjelde: KommuneProfilen

¹⁰ Kjelde: <https://www.ssb.no/transport-og-reiseliv/landtransport/statistikk/bilparken>



Bilparken til kommunen

Av dei 28 bilar i bilparken er det 14 som kommunen eig sjølv, dei andre er leasa. Det er no berre lov for kommunar å kjøpe nullutsleppsilar. Kommunen fasa ikkje ut nokon bilar i 2023.

Andel nullutsleppskjøretøy i kommunen sin bilpark er i fylgje anskaffelser.no framleis låg, om lag 7 % (2 bilar). Landssnittet er på 29 %. I det private næringslivet er andelen rekna til 23 %.


Den kommunale bilparken står i dag for eit gjennomsnittleg klimagassutslepp på 158 g CO₂ per køyrt kilometer. Det går truleg noko tid før den kommunale bilparken blir utsleppsfri, m. a. på grunn av løpande leasing-avtaler.

Kommunen har også 4 elektriske sykklar. Den eine disponerer rehabiliteringsavdelinga, dei tre andre er blitt lånt ut til innbyggjarar som vil teste el-syssel i samband med Prøv-ein-el-syssel-ordninga på Vik bibliotek og det kommunale klimaprojektet «Sats på syssel!».


Nøkkelindikatorer for 2023 for organisasjonar under VIK KOMMUNE

Lette kjøretøy i bilparken	Nullutsleppskjøretøy i bilparken	Lette kjøretøy anskaffet	Andel av anskaffelsene som var nullutslipp
28	2	0	0%


Andel anskaffede kjøretøy per drivstofftype per år



Antall kjøretøy i bilparken per år



Bilpark per drivstoff og kjøretøygruppe, 2023




Figur 16 Kjelde: anskaffelser.no



6 Næringar og sysselsetjing


Helse- og omsorgsteneste er næringa som flest innbyggjarar i kommunen jobbar i, etterfylgd av bygge- og anleggsverksemd og industri (tal frå 2023). Arbeidsløysa per mars 2024 er på 0,7 % (landssnitt: 2,1 %). Sjå fleire statistikkar i vedlagt folkehelseoversikt 2023/2024.

Pendling



Figur 18: Kjelde: Ssb Kommunefakta Vik, gjeld personar mellom 15 og 74 år

Kva innbyggjarane i Vik kommune jobbar med (2023)




Figur 17: Kjelde: ssb, tabell 07984




Tal arbeidsplassar i kommunen har gått ned sidan 2016. I 2022 var det totalt 1195 arbeidsplassar i kommunen, av desse 775 i privat næringsliv og 420 offentlege arbeidsplassar (sjå fig. 19, henta frå: Kjelde: Brandtzæg, Bent A. & Thorstensen, Audun 2024: *Tiltak for å stabilisere eller auke folketallet i Vik kommune*. Rapport Telemarksforsking nr. 805).

Når det gjeld arbeidspending har Vik kommune relativt lite pendling samanlikna med andre kommunar i regionen. I aldersgruppa 20-66 år var det i 2023 98 som pendlar inn og 231 som pendlar ut. Tek ein med aldersgruppene ned til 15 år og opp til 74 år var det 106 som pendla inn og 258 som pendla ut (sjå fig. 18).




Figur 19: Tal arbeidsplassar i Vik kommune fordelt på offentlig og privat sektor 2000-2022 (ssb/Telemarksforsking)




Figur 20: Inn- og utpendling sysselsette 20-66 år i 2023, Vik samanlikna med andre kommunar i regionen. Kjelde: Ssb, tabell 11616



7 Kommuneøkonomi



Figur 21: Kjelde: Årsrapport og rekneskapsår 2023 for Vik kommune



Figur 22: Kjelde: Årsrapport og rekneskapsår 2023 for Vik kommune


¹¹ Kjelde: Vik kommune - [Årsrapport og årsrekneskap 2023](#)

Tala i dette kapittelet er henta frå årsrapporten og rekneskapan for 2023¹¹. Netto driftsresultat er hovudindikatoren for den økonomiske balansen i kommunesektoren. Teknisk berekningsutval (TBU) for kommunal og fylkeskommunal økonomi tilrår at kommunane over tid har ein netto driftsresultat på minst 1,75%. Måлтаlet for Vik kommune dei seinare åra har vore svært gode, 14,5 % i 2022 og 9,7 % i 2023 (sjå fig. 21). Dette gode resultatet har i all hovudsak komme pga. dei høge kraftprisane. Dette er inntekter som vil normalisere seg framover slik at det avgjerande viktig å ikkje basere drifta på dagens nivå på inntektene.


Dei økonomiske reservane til kommunen blir til vanleg målte ved å sjå på kommunen sitt disposisjonsfond. Det er tilrådd med eit disposisjonsfond som svarer til 12-15 % av driftsinntektene. Vik kommune har dei siste åra klart å bygge opp solide disposisjonsfond, 120 mill. kroner per utgangen av 2023 (sjå fig. 22). Det er særskilt dei to siste åra kommunen har klart dette, i all hovudsak grunna dei høge kraftprisane.

Det økonomiske handlingsrommet til kommunen blir også påverka av kommunen sitt gjeldsnivå. I fylgje kommunesektoren sin interesseorganisasjon (KS) kan ei netto lånegjeld på over 85 % av





Figur 24: Kjelde: Årsrapport og rekneskapsår 2023 for Vik kommune



Figur 23: Kjelde: Årsrapport og rekneskapsår 2023 for Vik kommune

inntektene vere teikn på lite økonomisk handlingsrom. I Vik låg den i 2023 på 103 %. Etter ein periode med reduserte/stabiliserte måltal har ein sett ein auke etter 2021. Auken er i hovudsak grunna utbygginga av nye Vik helse- og omsorgssenter (VHO) samt investeringar innan VAR-sektoren (vatn, avløp og renovasjon). Det vil framleis vere store investeringar innan områda også dei nærmaste åra, noko som vil utfordre kommunen sin økonomi med aukande renter/avdrag.

Netto lånegjeld per innbyggjar har stige jamt sidan 2019 og er no på om lag 170.000 kr. Kommunen har sett seg målet om å halde denne på under 190.000 kr, noko som krev strenge prioriteringar framover.

I 2023 brukte kommunen 7 % av sum brutto driftsinntekter på renter/avdrag. Målet er å halde dette talet under 10 %. Grunna dei store låneopptaka kommunen kjem til å ta opp i samband med VHO- og VA-utbygging, vil rente- og avdragsbelastninga stige mykje dei næraste åra og bli svært utfordrande for kommune sin økonomi.

Utviklinga i rentenivået dei komande åra blir viktig for Vik kommune. Signala frå Norges Bank er at rentenivået er på "topp" no i 2024, og at det kan forventast reduksjonar i rentenivået frå siste halvår 2024.



8 Offentlege tenester: Helse og velferd, oppvekst og kultur

Helse og velferd

Kommunestyret vedtok i 2017 «Tiltaksplan for helse og omsorg 2017-2026». Tiltaksplanen er grunnlaget for det pågåande prosjektet for Vik helse- og omsorgssenter, også kalla VHO. Prosjektet omfattar nær alle tenesteeiningane i sektoren. Nokre einingar er allereie flytta inn i dei nye eller ombygde bygningane. Nye VHO er planlagt ferdig bygd i 2026. Det vil opne opp for ein framtidsretta og god bruk av ressursane i helsesektoren.

I 2023 vedtok kommunen temaplanen «Leve hele livet» som er i tråd med regjeringa si kvalitetsreform jf. stortingsmelding nr. 15 (2027-2018). I 2023 lanserte regjeringa den nye eldrereforma «Bu trygt heime» som skal bidra til eit meir aldersvenleg samfunn, at fleire eldre kan leve aktive liv lengre og oppleve tryggleik ved å bu i eige heim.



Figur 25: 3D-skisse ny helse- og omsorgssenter i Vik sentrum




Oppvekst

Det er i dag offentlege skular på Flatbygdi i Vik og i Feios (1.-10. klasse), i tillegg til ei privat barneskule i Fresvik. Det er offentlig barnehagetilbod i Fresvik, i Feios, på Vangsnes, i Vik sentrum og i Bøadalen. Valsvik barnehage i Arnafjorden er ikkje nedlagt, men pga. for få elevar er tilbodet ikkje aktivt for tida. Barnehagen i Fresvik held til på gamle Fresvik skule, og delar av bygningsmassen er leigd ut til Enspire skule. Alle vidaregåande elevar må gå på skule i andre kommunar, sidan Vik ikkje har dette skuletilbodet. Dei fleste elevane vel å gå på vidaregåande skule i Sogndal.

I 2023 gjekk 87,8 % av alle barn i kommunen mellom eitt og to år i barnehagen. I 2022 var det 93,2 %. Av barna mellom tre og fem år hadde 96,3 % barnehageplass. I 2022 var det 100 %¹².

Talet elevar i grunnskulen går ned. I 2023 var det 278 elevar. Tre prosent av desse fekk særskilt norskopplæring. I 2022 var det to prosent¹³. Om lag 1/3 del av elevane får skuleskyss¹⁴.

Kommunen har skulefritidsordning. I 2023 var det 46 barn som brukte tilbodet. I 2022 var det 39¹⁵.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Figur 26: Elevar i grunnskulen 2020-2023 Vik kommune (ssb tabell 12234)

¹² Kjelde: ssb, tabell 13502

¹³ Kjelde: ssb, tabell 12255

¹⁴ Kjelde: ssb, tabell 11970

¹⁵ Kjelde: ssb, tabell 11975




Kultur

I 2023 brukte Vik kommune 3773 kroner per innbyggjar på kultursektoren, noko som svarer til 4,1 % av kommunen sine totale netto driftsutgifter. Utgiftene for kultursektoren har sidan 2020 gått opp (sjå fig. 27). Kommunen brukar mest kulturmidlar på idretten, deretter kjem kulturskule og bibliotek (sjå fig. 28).

Den kommunale kulturskulen held til på gamle Vangsnes skule og blir drive med 1,3 årsverk (2023). Den har i 2023 hatt 108 elevplassar, og alle var tekne. Dette svarar til nesten 1/3 av alle born i kommunen mellom seks og 15 år. Ventelista utgjorde 1,8 % av tal elevplassar.


Kulturmidlar? Frivilligsentral?

13135: Utvalgte nøkkeltall for kultur, etter år. Vik, Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent).



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Figur 27



Figur 28: Kva brukte kommunen kulturmidlane til i 2023? Tal frå ssb

Kulturtilbud i kommunen



Kilde
Kulturtilbud, Statistisk sentralbyrå


Figur 29



9 Samfunnstryggleik

Naturfare og klimatilpassing

Store område i kommunen er aktsemdområde for skred og/eller flaum¹⁶. For nokre område er det fastsett reelle faresoner for skredfare. Både aktsemds- og faresonene vil visast som omsynssoner i revidert arealdel til kommuneplanen (status ved planvedtak).




Figur 30: Omsynssoner for flaum og skred i utkast for KPA24, kjelde: kommunekart

¹⁶ Sjå NVE-atlas: <https://atlas.nve.no/Html5Viewer/index.html?viewer=nveatlas#>



I samband med reguleringsplanarbeidet for ny fortau mellom Vange bru og Flatbygdi skule blei flaumsonekartet for nedre Flatbygdi (sjå fig. 32) oppdatert, no med det obligatoriske klimapåslaget på 40 %. Klimaet endrar seg, og kommunen må førebu og tilpasse seg til konsekvensane. Klimaprofilen¹⁷ for Sogn og Fjordane viser endringane som er venta:



Figur 32: Flaumsonekart Nedre Flatbygdi 2024



Figur 31

¹⁷ <https://klimaservicesenter.no/kss/klimaprofiler/sogn-og-fjordane>




10 Klima, energi og miljø

Klimagassutslepp

Miljødirektoratet sin utslippsrekneskap for klimagassar viser at Vik kommune i 2022 stod for eit direkte klimagassutslepp på 21.899 tonn CO₂-ekvivalenter (Co₂e)¹⁸. Dei største utslippskjeldene er jordbruk og sjøfart. Nedgangen i åra 2020 og 2021 skuldast koronapandemien og faktumet at cruiseskip var meir eller mindre fråverande i Sognefjorden i desse åra.

Vik kommune har per i dag (mars 2024) ikkje vedteke mål for reduksjon av utslipp klimagassar.



Figur 33

I tillegg til direkte klimagassutslepp står innbyggjarane i kommunen også for indirekte klimagassutslepp, t. d. ved at vi kjøpar mat eller andre produkt som har ført til direkte klimagassutslepp på plassen dei blei produserte, utanfor Vik kommune sine grenser, og ofte også utanfor Norge. Dei indirekte utslippa innanfor eit geografisk område er som regel tydeleg større enn dei direkte utslipp. Det er antatt at to tredjedelar av dei globale klimagassutslepp er eit resultat at forbruket vårt¹⁹.

¹⁸ Kjelde: <https://www.miljodirektoratet.no/klimagassutslipp-kommuner/?area=692§or=-2>

¹⁹ Kjelde: Asplan Viak, World Economic Forum IPSOS D. Ivanova m. fl. Environ. Res. Lett. (2020)




I januar 2024 publiserte miljødirektoratet for fyrste gong eit estimat på utslepp av klimagassar frå norsk forbruk²⁰:

Forbruket av varer og tjenester i norske husholdninger, privat næringsliv og offentlig sektor sto for et samlet klimagassutslipp på 70 millioner tonn CO₂-ekvivalenter i 2020.

Samlet sett utgjør det 13 tonn per innbygger. I overkant av 60 prosent av disse forbruksbaserte utslippene, også kalt klimafotavtrykket, fant sted i andre land.

Det største bidraget til klimafotavtrykk til norske hushald kjem i fylgje miljødirektoratet frå «mat og drikke» og «transport».

«Folkets fotavtrykk» er ein privat nettportal utvikla med midlar frå forskningsrådet²¹ som bereknar klimafotavtrykk for alle norske kommunar. For Vik er det årlege klimafotavtrykket på 36.812 tonn CO₂e. Portalen oppgjev 12,6 tonn CO₂e som gjennomsnittsfortavtrykk per innbyggjar i Norge per år. Vestland fylket har same gjennomsnittstal per innbyggjar. Vik kommune ligg med 14,3 tonn per innbyggjar over fylket- og landsnittet. Hovudgrunnen er høgare forbruk på energi per hushald, t. d. til oppvarming, lys, varmtvatn og andre elektriske apparat. Bustadstorleik er døme på ein faktor som påverkar dette forbruket.



Figur 34: Klipp frå «Folkets fotavtrykk» for Vik kommune

Det er estimert at klimafotavtrykket i Norge innan 2030 må ned til 3 tonn CO₂e per innbyggjarar, gjennom strukturelle endringar og personlege val²².

²⁰ <https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/fagmeldinger/2024/januar-2024/utslipp-av-klimagasser-fra-norsk-forbruk-er-beregnet/>

²¹ og i samarbeid med Asplan Viak og TietoEvry, sjå: <https://app.folketsfotavtrykk.eco/>

²² Kjelde: Asplan Viak, World Economic Forum IPSOS D. Ivanova m. fl. Environ. Res. Lett. (2020)




Miljøtilstand i vassdrag

Det er registrert 116 vassførekomstar i kommunen²³. Det kan vere kystvatn, innsjøar eller elvar. Eit vassdrag kan vere delt i fleire vassførekomstar. Dagens miljøtilstand i vassførekomsten fastsetjast på bakgrunn av data frå overvåkingsaktivitet, undersøkingar eller modeller. I vassførekomstar der det ikkje føreligg denne type data, skal miljøtilstand vurderast på bakgrunn av kunnskap om påverknaden, vurdert saman med vassførekomsten si sårbarheit for dei ulike påverknadane.

Miljøtilstanden synar oss korleis økologien og kjemien i vassførekomsten er. Dersom miljøtilstanden er dårlegare enn god, må man setje i gang tiltak for å kunne nå miljømåla som er satt for vassførekomsten. Miljøtilstanden er delt inn i fem klassar: svært god, god, moderat, dårleg og svært dårleg tilstand²⁴.

Vassførekomstar som ikkje oppnår god økologisk tilstand som følgje av fysiske endringar som skuldast menneskeleg verksemd, er merka som sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF). Døme er elvar som er bygd ut for vasskraft. I sterkt modifiserte vassførekomstar kan miljøtilstanden vurderast til godt, moderat, dårleg, eller svært dårleg potensial²⁵.

Miljømål jf. vassforskrifta var å oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand eller potensial for alle vassførekomstar innan 2021. Dersom ikkje miljømålet kan nåast innan 2021 kan det setjast unntak frå dette. Det vil sei at det setjast ei fristutsetjing for måloppnåing, som enten er 2027 eller 2033²⁶.



Figur 35: Kjelde: vannportalen.no

²³ Sjå portalen [Vann-nett](#)

²⁴ Kjelde: Vann-nett

²⁵ Kjelde: Vann-nett

²⁶ Kjelde: Vann-nett



I Vik kommune er det (per 28.4.2024) 26 naturlege vassførekomstar med svært god økologisk tilstand, 31 har god økologisk tilstand. Moderat økologisk tilstand er status for 11 vassførekomstar. For å nå miljømålet må tilstanden i desse 11 bli god (sjå fig. 36).

Vannforekomstnavn	Naturlig eller SMVF	Økologisk tilstand	Kommunenavn
Elv ved Dyredalen	Naturlig	Moderat	Vik
Hallsetvatnet bekkefelt	Naturlig	Moderat	Vik
Kvamselvi	Naturlig	Moderat	Vik
Bekkefelt framfjorden sør	Naturlig	Moderat	Vik
Finnabotnen aust	Naturlig	Moderat	Vik
Eikeneselvi/Teigelvi	Naturlig	Moderat	Vik
Sylvarneselvi	Naturlig	Moderat	Vik
Tenneselvi	Naturlig	Moderat	Vik
Tenneselvi/Sleipa	Naturlig	Moderat	Vik
Tilløpselver Hopra nedre	Naturlig	Moderat	Vik
Storelvi nedstrøms utløp Joka kraftverk	Naturlig	Moderat	Vik

Figur 36: Naturlege vassførekomstar med moderat økologisk tilstand per 28.4.2024, kjelde: Vann-nett



Av dei 48 svært modificerte vassførekomstane er det 14 som har godt økologisk potensial. Seksten har moderat, 6 har dårleg og 12 har svært dårleg økologisk potensial (sjå fig. 37). Potensialet til dei sistnemnde 34 vassførekomstar må bli godt for å nå miljømålet.

Vannførekomstnavn	Naturlig eller SMVF	Økologisk potensial	Kommunenavn
Hugla nedstrøms inntak Hove kraftverk	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Hugla inntak - utløp Hugla kraftverk	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Hugla oppstrøms inntak Hugla kraftverk	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Vikja nedstrøms inntak Hove kraftverk	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Vikja inntak Målset kraftverk - inntak Hove kraftverk	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Seljedalselvi nedstrøms inntak Hove kraftverk	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Store Muravatnet	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Skjellingavatnet	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Målsetvatnet	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Kvilesteinsvatnet	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Ramsligrovi	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Gravseta nedstrøms dam	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Ygnisdalselvi oppstrøms inntak Refsdal kraftverk	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Ygnisdalselvi nedstrøms inntak Refsdal kraftverk	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Dalselvi i Framfjorden	Sterkt modificert	Moderat	Vik
Dalselvi - øvre del	Sterkt modificert	Moderat	Vik


Vannførekomstnavn	Naturlig eller SMVF	Økologisk potensial	Kommunenavn
Lysegrovi nedstrøms inntak Hove kraftverk	Sterkt modificert	Dårlig	Vik
Merkesgrovi nedstrøms inntak Hove kraftverk	Sterkt modificert	Dårlig	Vik
Elv Øvra Brevatnet - Hestastodvatnet	Sterkt modificert	Dårlig	Vik
Svartavatnelvi Elv fra Navrvatnet nedstrøms inntak Refsdal kraftverk	Sterkt modificert	Svært dårlig	Vik
Austre Pyttebakkgrovi nedstrøms inntak Refsdal kraftverk	Sterkt modificert	Svært dårlig	Vik
Vestre Pyttebakkgrovi nedstrøms inntak Refsdal kraftverk	Sterkt modificert	Svært dårlig	Vik
Krokegggrovi nedstrøms inntak Refsdal kraftverk	Sterkt modificert	Svært dårlig	Vik
Tura nedstrøms inntak Refsdal kraftverk	Sterkt modificert	Svært dårlig	Vik
Vikja, nedre	Sterkt modificert	Dårlig	Vik
Austre Ramsli fjellgrovi nedstrøms inntak Refsdal kraftverk	Sterkt modificert	Svært dårlig	Vik
Rislåg nedstrøms inntak Hove kraftverk	Sterkt modificert	Dårlig	Vik
Avløp frå Målsetvatn	Sterkt modificert	Svært dårlig	Vik
Vestre Ramsli fjellgrovi nedstrøms inntak Refsdal kraftverk	Sterkt modificert	Svært dårlig	Vik
Hopra nedstrøms inntak Hove kraftverk	Sterkt modificert	Dårlig	Vik
Rivedalsgrovi nedstrøms inntak Refsdal kraftverk	Sterkt modificert	Svært dårlig	Vik
Turvollelvi nedstrøms inntak Hove kraftverk	Sterkt modificert	Svært dårlig	Vik
Vikjadalen	Sterkt modificert	Svært dårlig	Vik
Jashaugen	Sterkt modificert	Svært dårlig	Vik

Figur 37: Kjelde: Vann-nett




Avfallsproduksjon og avløp i kommunen

I fylgje ssb har mengda matavfall dei siste tre år gått ned. Det same gjeld elektrisk og elektronisk avfall. Mengde glassavfall og papp har derimot auka (sjå fig. 38). Om lag 50 % av avfallet blir brent, 28 % blir gjenvunne og 22 % blir kompostert (tal frå 2023, sjå også figur 39).



Figur 38: Mengde husholdningsavfall i Vik kommune 2021-2023, kjelde: ssb, henta frå ks.no



Figur 39: Behandling av husholdningsavfall i Vik kommune 2020-2023, kjelde: ssb, henta frå ks.no

I starten av 2024 vedtok EU endringar i avløpsdirektivet for tettstadane. Frå 2035 vil kravet for å reinske kloakk gjelde for tettstadar over 1000 innbyggjarar. Sidan direktivet er EØS-relevant vil dette bli gjeldande for Vik sentrum. Kommunen må dei neste åra setje av eigna areal til reinskeanlegg for kloakk i kommuneplan, detaljregulere området og få på plass anlegget.




Energi

Energidashbordet er eit digitalt verktøy som visualiserer det lokale energiregime via ein input-output-energibalanse for alle norske kommunar²⁷. Målet er å hjelpe kommunar med sitt klima- og energiarbeid.


Energiforbruket i Vik per innbyggjar var i 2022 om lag lik landssnittet. Sidan 2021 har energiforbruket knytt til oljeprodukt auka igjen, og det knytt til elektrisitet har gått ned. Den største posten for forbruk av energi frå oljeprodukt er primærnæringa dvs. jordbruk og skogbruk. Deretter fylgjer sjøfart.

Energiforbruk etter forbruksgrupper 2022 (GWh)				Vik
Forbrukergrupper	Energikilde	Drivstoff		GWh
Andre motorredskaper	Oljeprodukter	Diesel		3,46
Hytter og fritidshus	Bioenergi	Biomasse		0,13
Hytter og fritidshus	Elektrisitet	Elektrisitet		1,30
Industri	Elektrisitet	Elektrisitet		11,10
Industri	Oljeprodukter	Oljeprodukter		0,00
Næringsbygg og husholdninger	Bioenergi	Biomasse		1,88
Næringsbygg og husholdninger	Elektrisitet	Elektrisitet		18,70
Næringsbygg og husholdninger	Oljeprodukter	Fyringsolje		1,85
Primærnæringar	Elektrisitet	Elektrisitet		3,80
Primærnæringar	Oljeprodukter	Diesel		35,76
Tjenesteyting MV.	Elektrisitet	Elektrisitet		10,10
Transport	Elektrisitet	Elektrisitet		0,27
Transport	Oljeprodukter	Bensin/Diesel		10,10
Transport	Oljeprodukter	Drivstoff for jet og turbinmotorer		0,00
Transport	Oljeprodukter	Marin gassolje		29,97
Totalt				128,42




²⁷ [Energidashbordet](#) – sjå også her for skildring av metoden





Figur 40: Kjelde: Energidashbordet Vik



Energiforbruket i industrien er 100 % elektrisk, mens energiforbruket i transport er til 99 % basert på oljeprodukt. Innen transport har sjøfart størst forbruk.

Når det gjelder fornybar energi er kommunen størst på vasskraft, men bioenergiproduksjon og solkraft har byrja å komme.



11 Arealressursar og arealbruk


Arealendringar er den største trusselen for naturmangfaldet. Arealendringar er også ein viktig årsak til klimagassutslepp og klimaendring. Avskoging og nedbygging av karbonrike areal, slik som skog og myr, fører kvart år til store utslepp av klimagassar. Arealbarometeret²⁸ for Vik kommune viser at 2,9 % av kommunen sitt samla areal i 2023 var jordbruksareal. Skog utgjorde 23,3 %, mens 0,5 % var bebygd.

I fylgje ssb sine tal, har det i perioden 2015-2023 blitt omdisponert til saman om lag 116 daa med dyrka jord i kommunen, i gjennomsnitt om lag 13 daa per år. I 2017 var talet svært høgt, på nesten 46 daa. Sidan 2019 har den årlege omdisponeringa lege på under 8 daa. Omdisponering tyder i denne samanhengen at kommunen i reguleringsplanar har vedteke at arealet skal brukast til noko anna enn jordbruk. Dei høge arealtal i 2017 kan forklarast med at kommunen dette året vedtok reguleringsplanane på Tenål og på Øenmarki, der andelen dyrka mark var/er høg.

I den gjeldande nasjonale jordvernstrategien²⁹ er målet for omdisponering av dyrka mark i Norge sett til maksimalt 2000 daa per år. Målet skal nåast innan 2030.

Vik kommunen fekk i 2024 sitt fyrste, enkle arealrekneskap, som blir brukt i den pågåande revisjonen av kommuneplanen sin arealdel. Kommunen er med i eit prosjekt i regi av fylkeskommunen for å utvikle arealrekneskapen vidare.

Omdisponering av dyrka jord
i Vik kommune 2015-2023 (ssb, tab. 11776)



Figur 41: Omdisponering av dyrka mark i kommunen

²⁸ <https://arealbarometer.nibio.no/nb/fylker/vestland/kommuner/vik/>


²⁹ https://www.regjeringen.no/contentassets/5702218c68064c3d91694dabdb22edee/prop_121_s_20222023_lmd_korr02_vedl_09.pdf



I 2023 fanst det 23.533 dekar jordbruksareal (fulldyrka og overflatedyrka jord samt innmarksbeite) i kommunen, noko som utgjer omlag 2,9 % av kommunen sitt landareal (status 2023). Det meste av jordbruksarealet blir brukt til produksjon av grovfôr og til beite. På 2,7 % blir det produsert frukt og bær (sjå fig. 41).

Arealtype	Dekar	%
Jordbruksareal ▲		
Fulldyrka	13 044	1,6
Overflatedyrka	1 267	0,2
Innmarksbeite	9 222	1,1
Skog ▲		
Produktiv skog	148 833	17,9
Uproduktiv skog	45 069	5,4
Bebyggelse/samferdsel	4 057	0,5
Annet markslag ▲		
Åpen fastmark	51 574	6,2
Myr, åpen eller med skog	4 423	0,5
Ferskvann	37 636	4,5
Ikke kartlagt ▼	518 086	62,2
Sum	833 211	100

Kilde: Arealressurskart AR5, årsversjon 2023, NIBIO



Figur 42: Kjelde: Arealbarometeret, NIBIO



Husdyr	Foretak	Antall dyr
Melkekyr	21	577
Ammekyr	11	102
Vinterføra sauer	99	5 449
Geiter	5	282
Avlspurker	0,0	0,0
Slaktegris	0,0	0,0
Verpehøner	2	38
Slaktekylling	0,0	0,0

Kilde: Produksjonstilskudd 2023, Landbruksdirektoratet

Figur 43: Kjelde: Arealbarometeret NIBIO

Dyrkbar jord fordelt på arealtyper	Dekar	%
Overflatedyrka jord	105	4,9
Innmarksbeite	322	15
Skog	435	20,2
Åpen fastmark	579	26,9
Myr	712	33,1
Sum	2 153	100

Kilde: Dyrkbar jord, årsversjon 2022, NIBIO

Dyrkbar jord fordelt på klimasoner		
Sone	Dekar	%
1 Godt egnet for matkorndyrking	37	1,7
2 Marginal for matkorndyrking	333	15,5
3 Godt egnet for fôrkorndyrking	335	15,6
4 Marginal for fôrkorndyrking	155	7,2
5 Godt egnet for grovfôrdyrking	914	42,5
6 Marginal for grovfôrdyrking	379	17,6
Total dyrkbar jord	2 153	100

Kilde: Dyrkbar jord, årsversjon 2022, NIBIO

Figur 44: Kjelde: Arealbarometeret NIBIO

Totalt areal, km ²	795
Jordbruksareal i drift, km ²	22
Produktivt skogareal, km ²	95
Avvirkning, m ³	16 429
Antall landbrukseiendommer	432
Antall jordbruksforetak	155
Antall sysselsatte i primærnæring	109

Kilde: NIBIO rapport, tall fra 2020



Når det gjeld husdyretalet er sau størst i kommunen. Verdiskapinga er størst i mjølkeproduksjon (ku).

I Vik er 2153 dekar kartlagt som dyrkbar jord, det vil sei areal som kan dyrkast opp til å bli fulldyrka jord og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. 33,1 % av areala som teoretisk kan dyrkast opp er i dag registrert som myr (sjå fig. 42) og bør ikkje dyrkast opp med omsyn til myra sin funksjon som karbonlager og økosystem. Klimatisk er dei fleste areal i Vik best eigna til produksjon av grovfôr, men det er teoretisk mogleg med mat- og fôrkorndyrking.

Figur 43 gjev fleire nøkkeltal for kommunen (status 2022).

Verdiskaping per produksjon mill. kroner

Melk, ku	23,47
Melk, geit	1,51
Ammeku	1,68
Sau	9,91
Svin	0,0
Egg og fjørfe ▾	0,0
Planteproduksjon ▲	
Frukt og bær	16,25
Kornproduksjon	0,0
Poteter og grønnsaker	0,02
Annet ▲	
Veksthus	0,0
Pelsdyr	0,0
Birøkt	0,25
Sum	53,09


Kilde: NIBIO rapport, tall fra 2020

Figur 45: Kjelde: Arealbarometeret NIBIO



Verna naturområde

I Vik kommune finst det to landskapsvernområde, Stølsheimen og Nærøyfjorden, i tillegg til Eiterstrondi naturreservat. Til saman dekker desse eit areal på 288.520 dekar³⁰ (daa), noko som utgjer 35 % av kommunen sitt totale areal³¹. Sognefjorden er føreslege for marint vern og har kandidatstatus.



Figur 46: Kartutsnitt frå Fylkesatlas

³⁰ Kjelde: SSB, tabell 00936. Talet er frå 2022.

³¹ Kjelde brukt til utrekning: SSB, tabell 11342



12 Oppsummering av utfordringsbilete kap. 2-11

Utviklingstrekk FOLKETAL (kap. 2):

- Folketalet i kommunen går ned, men farten av utviklinga er sidan 2022 blitt redusert, i alle fall mellomels
- Arnafjorden og Fresvik nærmar seg framleis eit kritisk nivå
- Dei mest optimistiske folketalsframskrivingane viser at folketalet kan stabiliserast rundt nivået av 2020 (rundt 2640 innbyggjarar)
- Talet for innbyggjarar over 67 år aukar, mens talet for dei andre aldersgruppene går ned
- Det er eit fødselsunderskot i kommunen, og det er fleire som flyttar frå kommunen enn til kommunen
- Vik kommune er blitt nokså internasjonalt, med 29 ulike representerte nasjonalitetar. 13 % av innbyggjarane blei født i andre land enn Norge

Utviklingstrekk FLYKTNINGAR OG INTEGRERING (kap. 3):

- Behovet for busetting av flyktningar har aldri vore større, og Vik kommune har dei siste åra gjort ein viktig innsats i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar
- Av tidlegare busette flyktningar har mange flytta frå kommunen til andre stadar i Norge
- I februar 2024 vedtok kommunestyret at kommunen skal ta imot 30 flyktningar i 2024
- Det er ei utfordring å skaffe husver til busetjing av flyktningar. Kapasiteten i kommunale hus er brukt opp, og det som var eigna og tilgjengeleg på den private bustadmarknaden er også brukt. Kommunen jobbar no med å få på plass to midlartidege modulbygg til om lag 23 personar
- Alle flyktningar som kjem til kommunen får tilbod om introduksjonsprogram. Etter tre månader skal kommunen tilby praksis i programmet, både med tanke på norskopplæring og mål om arbeid. Det er utfordrande å finne praksisplassar som passar for deltakarane og som fører til lønna arbeid



Utviklingstrekk BUSTAD (kap. 4):

- Einebustad er med avstand den mest vanlege buforma i kommunen, men andre bustadtypar som t. d. bustadblokk og rekkehus aukar
- Det er ledige bustadtomter i alle delar av kommunen
- Talet personar som bur åleine aukar sterkast
- Tal heilårsbustadar som blir brukte som fritidsbustadar har meir enn dobla seg sidan 2012
- Kommunen har rikeleg med arealreserve for fritidsbustadar

Utviklingstrekk SAMFERDSEL OG TRANSPORT (kap. 5):

- Store utfordringar knytt til veg, ferje og kollektivtransport (rasfare, vegstengingar, låg ferjefrekvens, kollektivtransport svarar ikkje til behovet til dei unge)
- Nedgang i passasjertala for Vik-Ortnevik-Nordeide, og ei auke for sambandet Vangsnes-Hella- Dragsvik
- I enkelte delar av kommunen framleis utilfredsstillande dekning for mobil og fiber-breiband
- Tal registrerte personbilar i kommunen går framleis opp (mens folketalet går ned). Andel utsleppsfrie EL-bilar er framleis relativt låg
- Den kommunale bilparken held seg stabilt, men består i hovudsak av bilar som treng fossilt drivstoff



Utviklingstrekk NÆRINGAR OG SYSSELSETJING (kap. 6):

- Helse- og omsorgsteneste er næringa som flest innbyggjarar i kommunen jobbar i, etterfylgd av bygge- og anleggsverksemd og industri
- Arbeidsløysa i kommunen er relativt låg
- Tal arbeidsplassar i kommunen har sidan 2016 gått ned, også i det private næringslivet
- Det er relativt lite inn- og utpendling samanlikna med andre kommunar i regionen, som er eit teikn på låg arbeidsmarketintegrasjon

Utviklingstrekk KOMMUNEØKONOMI (kap. 7):

- Kommunen har dei seinare år hat gode netto driftsresultat, mest pga. høge straumprisar
- Dei høge kraftprisane har også gjort det mogleg å bygge disposisjonsfondet opp igjen
- Gjeldsnivået er høgt pga. store investeringar knytt til VHO-prosjektet og kommunalt vatn- og avløp
- På grunn av dei nemnde investeringar vil rente- og avdragsbelastninga stige mykje dei kommande år og bli svært utfordrande for kommunen sin økonomi

Utviklingstrekk HELSE OG VELFERD, OPPVEKST OG KULTUR (kap. 8):

- Nye VHO er planlagd ferdig bygd i 2026 og vil opne opp for ein framtidretta og god bruk av ressursane i helsesektoren
- Talet elevar i grunnskulen går ned
- Kommunen har sidan 2020 auka midlane for kultursektoren
- Kommunen brukar mest kulturmidlar på idretten, deretter kjem kulturskule og bibliotek. Kulturskulen har venteliste
- Kommunen har starta opp med frivilligsentral og BUA til utlån av utstyr, spesielt til unge
- Kommunen har kulturmidlar, også til kulturbygg, som årleg kan søkjast tilskot frå



Utviklingstrekk SAMFUNNSTRYGGLEIK (kap. 9)

Klimaet endrar seg, og kommunen må førebu og tilpasse seg til konsekvensane.

Vesentleg auke:

- Auke i kraftig nedbør og meir overvatn
- Fleire og større regnflaumar
- Auka fare for jord-, flaum og sørpeskred
- Auka stormflodnivå som fylgje av havstiging

Mogleg vesentleg auke:

- Fare for tørke
- Kortare isleggingssesong og hyppigare vinterisgangar
- Fare for våtsnøskred

Utviklingstrekk KLIMA, ENERGI & MILJØ (kap. 10)

- Dei direkte klimagassutslepp innanfor kommunen sine grensar må ned, slik at kommunen kan bidra til at Norge kan nå klimamåla vi har plikta oss til gjennom internasjonale avtaler, og for å avgrense konsekvensane av klimaendringane
- Vik kommune må setje seg mål for utsleppsreduksjon, t. d. i samfunnsdelen
- Klimafotavtrykk til kommunen sine innbyggjarar (klimagassutslepp knytt til forbruk) er for høg
- Miljømåla for vassførekomstane i kommunen er ikkje nådde og må nåast innan 2027 eller seinast 2033
- Mengde hushaldningsavfall i kommunen bør kunne reduserast meir. Mengde avfall som blir resirkulert bør kunne aukast
- Energiforbruket i kommunen knytt til transport er framleis nesten utelukka basert på oljeprodukt



Utviklingstrekk AREALRESSURSAR OG AREALBRUK (kap. 11)

- Arealendringar er den største trusselen for naturmangfaldet og også ein viktig årsak til klimagassutslepp og eit endra klima
- Det er nasjonalt stor fokus på å hindre nedbygging av karbonrike areal, slik som myr og skog
- Vik kommunen fekk i 2024 sitt fyrste, enkle arealrekneskap utarbeidd av fylkeskommunen, som blir brukt i den pågåande revisjonen av kommuneplanen sin arealdel
- Jordvern er viktig med tanke på mattryggleik. I perioden 2015-2023 blei til saman om lag 116 daa med dyrka jord omdisponert i kommunen, i gjennomsnitt om lag 13 daa per år. Sidan 2019 har den årlege omdisponeringa lege på under 8 daa

13 Om vedlegga

Det er tre vedlegg til dette dokumentet: Folkehelseoversikt 2023/2024, Telemarksforsking sin rapport *Tiltak for å stabilisere folketallet i Vik kommune* og Vik kommune sin rapport *Hvordan jobbe med FNs bærekraftsmål*.

1. Folkehelseoversikt 2023/2024

Folkehelseoversikten er eit dokument som kommunane må oppdatere kvart fjerde år og som viser kunnskapsgrunlaget for ulike tema knytt til folkehelse. I denne oppdaterte oversikta er det også trekt fram fire område eller tema som kommunen ynskjer å ha hovudfokus på:

- Sosial ulikskap i helse
- Demografiske endringar
- Oppvekst i Vik
- Psykisk helse og livskvalitet

2. Rapport *Tiltak for å stabilisere folketallet i Vik kommune (2024)*

Kommunestyret gjorde i sak 082/22 vedtak om å få utgreidd moglege tiltak for å stabilisere eller auke folketallet i kommunen. Det var Telemarksforsking som fekk oppdraget og gjennomførte utgreiingsarbeidet frå oktober 2023 til januar 2024. Resultata er skildra i vedlagt rapport.



3. Rapport *Hvordan jobbe med FNs bærekraftsmål (2024)*

Norge slutta seg i 2015 til FN sine 17 bærekraftsmål og 169 delmål for bærekraftig utvikling fram mot 2030. Dokumentet *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027* slår i tillegg fast at all planlegging i kommunen skal fremje bærekraftig utvikling. Det same gjer formålsparagrafen til plan- og bygningslova.

For å lære meir om bærekraftsmåla og for å komme i gang med eit meir systematisk bærekraftsarbeid i kommunen blei det i starten av 2024 gjennomført ein arbeidsverkstad for alle kommunale leiarar og sakshandsamarar som jobbar med kommunale planar. Arbeidsverkstaden blei gjennomført av Norconsult, og resultatane er skildra i vedlagt rapport. Rapporten er eit kunnskapsgrunnlaget for vidare prosessar om bærekraftig utvikling i kommunen knytt til arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

